
Fra: Eli Bjørklid
Sendt: 2. januar 2018 10:14
Til: Postmottak Lindås
Emne: VS: Gyldig gjødselplan.

Hei igjen

Kan dere journalføre denne mailen som inngående på sak 17/2704.

Det er ikke noe vi skal gjøre – brevet er til orientering.

Mvh

Eli

Fra: Reidar Furelid [<mailto:rfurelid@yahoo.com>]
Sendt: onsdag 20. desember 2017 20.07
Til: Eli Bjørklid
Emne: Gyldig gjødselplan.

Til Landbruksavdelinga ved Lindås kommune ved *Eli Bjørklid*.

Gbnr.182/4 Gausereide. Gyldig gjødselplan. Jfr. brev av 18.12.2017 frå dykk.

Eg håpar no at alt frå mi side som skal gjerast i høve "**Søknad om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid**" no er i hamn for året vi sist søkte for: 2017. Så **lit eg** på at det for siste søknadsår er greitt når det i brev av 18.12.2017 frå dykk står "Den planen (=gjødselplan) du har fått frå NLR er gyldig for 2017.

Vi har nytta tilskot til avløyning ved ferie og fritid for 2017 fullt ut med kr 18 360. Og no betalt eller lagt til betaling arbeidgjevaravgift og skattetrekk arbeidet tilavløysaren,- Terje Eidsnes. Eg meiner det no er slik at kontroll av *det* kan de gjera direkte?! Er det ikkje slik,- må eg be om melding om det.

Eg tek slik stoda er kontakt att med NLR og ønskjer ein person frå dei med til å sjå på forholda hos meg på Gausereide,- der vi m.a. har grøfteprosjekt i gang,- og korleis tilhøva er hos Olaug og Terje Hopland i Seim. Eg vil då og ta med, om mogeleg, at vi leverer naturgjødsel til åker og hage hos andre. Vi har til dels køyrt langt. T.d. til Knarvik og fleire gonger til Austrheim.

Ein årleg runde om plan, og eventuelt fritak frå slik, orkar eg ikkje. Og uvisse er noko av det verste eg veit om! - Eg trivest svært bra med stell av dyr og jorda dei er avhengige av. Og slik forholda er,- er vi heilt avhengige av at ein deltek fullt ut i tilskotsordningane. Då må ein og kunna ha *ro og forutsigbarhet* kring desse. Mange vil nok seia at vi brukar ekstremt lite gjødsel. Men det er lett å prova at produkta (primært lammeslakt) vi leverer held upåklageleg god kvalitet!

NB:- Eg har freista stella med *nabobruket* (eigar: Harald Låstad) dei siste 15 åra under svært skiftande "tilhøve". Det stellet har faktisk *primært* med *estetikk* for Gausereide å gjera. - Vedkomande *det* veit landbrukskontoret meir enn nok til å skjøna at der er det *mangt* å ta tak i. Der tok vi og jordprøver i si tid. I dag er jorda der betydeleg "underernært". Det trengst ikkje prøvar for å vita det! Men der er mykje ikkje avklart,- og vedkomande produksjonstilskot for det bruket lyt nok mangt avklarst for neste år,- eventuelt!

Med vennleg helsing Reidar Furelid